



## Retningslinjer i høve pynting til bryllaup i Ørsta kyrkje.

Det er ingen krav frå kyrkjeleg hald om at kyrkja må pyntast ved bryllaup. Det syter brudeparet for sjølve, anten åleine, i samarbeid med andre par som skal viast same dagen eller i samarbeid med ei blomsterforretning.

For best muleg ta vare på kyrkja og inventaret har vi sett opp desse retningslinjene:

- berre friske blomar som hovudpynt framme i kyrkja og på alteret (ikkje silke)
- berre avskorne blomar på alteret (ikkje jord)
- frå øvste trappetrinnet og fram til alteret må det vere fri plass til stolar og til å bevege seg (ingen pynting)
- på løparane kan det ikkje leggest blomar/grønt som vert trakka på slik at safta legg seg i teppet. Det er umogeleg å vaske vekk. Ved sida av teppet kan ein t.d. sette potteplantar eller blomar i vasar.
- ein kan pynte litt med blomar og grønt på stolpar og kyrkjebenkar i små rør som kan hengast på benkane, laga til dette føremålet. Ein kan ikkje lime fast blomar o.l. med limband eller likn. då det kan skade malinga når ein skal fjerne pynten.
- utanfor kyrkja oppmodar vi til hylling av brudeparet på anna måte enn å kaste ris (matvarer), konfetti o. l.
- kyrkja låner ut lysestakar, bl.a. 5-arma, men kvite lys må de kjøpe sjølve
- ring kyrkjekontoret for avtale om tid for pynting, tlf 700 48 640 kl 10 - 14

Vi vonar med dette å legge til rette slik at arrangementet vert både fint og flott samtidig som det ikkje gjer skade på inventaret.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål.

Med helsing  
kyrkjeverja